

Samferdsledep, Kommunal- og moderniseringsdep.

Ferjeavløysing - avklaring

I Prop. 121 S (2014-2015) Kommuneproposisjonen 2016 la regjeringa fram forslag om ei ferjeavløysingsordning for framtidige prosjekt for fylkeskommunane.

I Kommuneproposisjonen 2016 står følgjande:

«Tapet i inntektssystemet beregnes ved å se på effekten av å endre kriteriedata (antall ferjesamband) i utgiftsutjevningen i inntektssystemet når et ferjesamband erstattes av en bro eller tunnel.»

Og vidare:

«Ferjeavløsningsbeløpet trekkes deretter ut av innbyggertilskuddet og legges i tabell C med en særskilt fordeling»

Ei ferjeavløysingsordning for fylkeskommunane er vidare følgt opp i framlegg til statsbudsjett for 2016.

Sogn og Fjordane fylkeskommune er usikre på korleis ordninga vil verke for eit eventuelt ferjeavløysingsprosjekt «Atløysambandet» i Askvoll kommune. Prosjektet «Atløysambandet» skal gi fastlandssamband til øya Atløy og avløyse ferjestrekninga Askvoll-Gjervik.

I inntektssystemet er sambandet Askvoll - Gjervik/Fure/Værlandet rekna som eitt samband. Å leggje ned ferjestrekninga Askvoll-Gjervik vil såleis ikkje føre til at sambandet blir nedlagt då det framleis går ferje til Fure og Værlandet.

Utbygging av «Atløysambandet» vil vere eit stort investeringsprosjekt for Sogn og Fjordane fylkeskommune. Det vil ikkje være realistisk å gjennomføre dette utan eit vesentleg finansieringsbidrag frå ferjeavløysingsordninga. Fylkeskommunen ber difor departementa om ei avklaring på om Atløysambandet vert rekna som eit prosjekt i ferjeavløysingsordninga. Vi ønskjer vidare at departementa kan klargjere effektane av ei ferjeavløysing av Askvoll-Gjervik i inntektssystemet. Det vil særskilt vere viktig å få avklart om det vil bli overført midlar til tabell C (særskild fordeling).

Fylkeskommunen ønskjer ei attendemelding på desse spørsmåla før vi nyttar meir ressursar på vidare planarbeid av «Atløysambandet».

Med helsing

Velaug Veum
fylkesdirektør

Lars Erik Lunde
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakar (ar)

Det Kongelige Samferdselsdepartementet Postboks 8010 Dep. 0030 OSLO

Det Kongelige Kommunal- og moderniseringsdept. Postboks 8112 Dep. 0032 OSLO